



RADØY KOMMUNE  
Radøyvegen 1690  
5936 MANGER

## Vedtak om tidsavgrensa samtykke og gebyr Behandling av søknad om samtykke etter arbeidsmiljølova § 18-9

### Gnr 45 Bnr 1 Radøy - Mangersnesveien 21 - Manger - Radøy kommune - midlertidig bygg

Vi viser til søknaden av 30.04.2018 om samtykke etter arbeidsmiljølova § 18-9 frå ansvarleg søker Terje K. Larsen på vegne av tiltakshavar Radøy kommune. 05.06.2018 mottok Arbeidstilsynet tilleggsopplysningar som etterspur i vårt brev av 29.05.2018.

Arbeidstilsynet har mottatt følgande:

- Epost med oversending av søknad om samtykke med vedlegg, datert 30.04.2018
- Kopi av «søknad om tillatelse uten ansvarsrett», datert
- Skjema med aktuelle arbeidsmiljøfaktorer (opplisting)
- Situasjonsskart Manger skule, datert 20.04.2018
- Plantegning for tiltaket, datert 19.04.2018
- Fasade- og snittegning for tiltaket, datert 19.04.2018
- Perspektivtegning for tiltaket, datert 19.04.2018
- Tegning av grunnplan, datert 19.04.2018
- Tegning og beskrivelse av grunddetaler, datert 19.04.2018
- Vedlegg til dokumentasjon for ivaretaking av helse-, miljø og sikkerhet (arbeidsmiljøfaktorer)
- Dokumentasjon for ivaretaking av helse-, miljø og sikkerhet
- Søknad om Arbeidstilsynet sitt samtykke, datert 23.04.2018
- Epost med oversending av manglande opplysningar, mottatt 05.06.2018
  - Situasjonsskart Manger skule, datert 20.04.2018
  - Plantegning for tiltaket, datert 19.04.2018
  - Plantegning for Manger skule, datert 18.09.2012
  - Tilsvar til manglande opplysningar, datert 01.06.2018

Tiltaket gjeld midlertidig skulebygg (brakker) i påvente av tilbygg til eksisterande Manger skule.



## Arbeidstilsynets vurdering

Jf arbeidsplassforskrifta § 3-1 skal personalrom vere hensiktsmessig plassert i høve personalinngang og arbeidsstad. I dette høve er personalfasilitetane (garderobe, lærerarbeidsplassar, pauserom etc.) lokalisert i eksisterande skulebygg. Eksisterande skulebygg er ikkje ein del av søknaden og Arbeidstilsynet legg til grunn at personalfunksjonane er i samsvar med gjeldande krav.

Søknad om samtykke gjeld for ein tidsavgrensa periode på to år og Arbeidstilsynet finn at ein kan gje eit tidsavgrensa samtykke med dei fleste personalfasilitetane lokalisert i eksisterande skulebygg.

Arbeid som skal utførast i det midlertidige undervisningsbygget er i stor grad undervisning og reinhald. Det er plassert reinhaldsrom i bygget i samsvar med arbeidsplassforskrifta § 3-8.

## Arbeidstilsynets vedtak

Arbeidstilsynet gir med heimel i arbeidsmiljølova § 18-9 samtykke til planane.

Samtykket blir gitt på bakgrunn av dei opplysningane og planane som låg føre på tidspunktet for vedtaket. Samtykket er ikkje ei godkjenning av lokala eller arbeidsplassen. At Arbeidstilsynet gir samtykke til planane, betyr ikkje at tilsynet går god for at alle krav til det fysiske arbeidsmiljøet er tatt vare på. Det er tiltakshavaren/arbeidsgivaren som har ansvaret for at lover/forskriftskrav blir følgde, og at arbeidsmiljøet er tilfredsstillande under bruk.

**Samtykket er innvilga for ein periode på to år og gjeld til og med 30.06.2020.**

## Innbetaling av gebyr

Ifølge forskrift om utforming og innretning av arbeidsplassar og arbeidslokale § 9-1 og forskrift om administrative ordningar på Arbeidstilsynets område § 14-1 skal det betalast gebyr til Arbeidstilsynet ved behandling av søknader etter arbeidsmiljølova § 18-9 første ledd. Gebyrsatsen er avhengig av kva type tiltak det er snakk om, og størrelsen på bygget. For nærmare informasjon om gebyrordninga, sjå [www.arbeidstilsynet.no/gebyr](http://www.arbeidstilsynet.no/gebyr).

Ut frå opplysningane i søknaden har vi plassert tiltaket i kategori 2b og fastsatt gebyret til kr 4221,-.

Faktura blir send i eiga sending til deg som tiltakshavar til denne adressa: Radøy kommune, Radøyvegen 1690, 5936 MANGER Dersom gebyret ikkje er betalt innan fristen, vil kravet bli drive inn med tvang og med tillegg av kostnadsgebyr.

## De kan klage

De kan klage på vedtak og gebyr frå Arbeidstilsynet etter reglane i forvaltningslova § 28. Fristen for å klage er tre veker frå de får dette brevet. For nærmare informasjon om klageinstans, framgangsmåte ved klage og rett til å sjå saksdokumenta, sjå [www.arbeidstilsynet.no/klage](http://www.arbeidstilsynet.no/klage).



## Gi informasjonen vidare til verneombodet

Verneombodet skal gjerast kjent med vedtak frå Arbeidstilsynet. Vi ber derfor om at du som arbeidsgivar gir ein kopi av dette brevet til verneombodet. Dersom verksemda ikkje har verneombod, gir du kopien til representanten for dei tilsette. Sjå [arbeidsmiljølova](#) §§ 6-2 sjette ledd og 18-6 åttande ledd.

## Behov for meir informasjon?

De finn meir informasjon om Arbeidstilsynet og krav til arbeidsmiljøet på [www.arbeidstilsynet.no](http://www.arbeidstilsynet.no) eller [www.regelhjelp.no](http://www.regelhjelp.no), eller de kan kontakte oss på telefon 73 19 97 00.

Arbeidstilsynet gjer oppmerksom på at det er innført ny blankett 5177 som skal brukast ved søknad om samtykke. Endringane består i hovudsak av opplysningar knytte til fakturamottakar. Blankett finst her: [www.dikb.no](http://www.dikb.no).

Vi ber om at de viser til vår referanse 2018/23501 ved seinare kontakt/korrespondanse i denne saka.

Med helsing  
Arbeidstilsynet Vestlandet

Johs B Lægland  
tilsynsleder  
(sign.)

Rune Joar Ravnestad  
seniorrådgiver  
(sign.)

*Dette brevet er godkjent elektronisk i Arbeidstilsynet og har derfor ingen signatur.*

Kopi til:  
TERJE K. LARSEN

Kongsvingervegen 707 2100 SKARNES